



# Njøs næringsutvikling

Nyskaping i frukt og bær

Sogn Regionråd  
Gravensteinsgata 17

6851 SOGNDAL

Dykkar ref:

Vår ref.: 36/2019 SHH

Sted/Dato Leikanger 27.03.2019

## Utvikling av frukt- og bærklyngja på Njøs i Leikanger

Me reknar med at Sogn Regionråd er kjend med at miljøet på Njøs er under omstilling. Underteikna har hatt fleire møte med ulike aktørar, men har ikkje vore i direkte kontakt med dykk tidlegare i prosessen. Omstillinga er med bakgrunn i organiseringa av frukt- og bærforedlinga i Noreg, som styret i Graminor AS har vedteke å flytta til Njøs under gitte føresetnader. Det er ei stor satsing på oppbygging av infrastruktur og fagmiljø, som krev medverknad både frå sentrale og regionale aktørar. Det er utarbeidd eit prospekt for Norsk frukt- og børsenter som viser korleis ein tenkjer seg den nye organiseringa, og korleis eit spleiselag mellom offentlege og private aktørar kan bidra til å få det realisert. Me har søkt støtte til utbygging av eigedomen hjå 9 kommunar i fylket, 7 av desse ligg i Sogn.

Frukt og bær er viktig for regionen, og eit sterkt kompetansemiljø er eit trumfkort i vidare utvikling av denne næringa i Sogn. Råvareproduksjonen er grunnlag for næringsutvikling og knoppkyting i nye produkt og nye bedrifter, og det er helsesame produkt som er etterspurde og prioriterte politisk. Det er sterk konkurranse i den veksande marknaden for frukt og bær, men næringa i Sogn har vist at dei er omstillingsdyktige og klare til å ta denne utfordringa.

### Bakgrunn

Då Bioforsk la ned aktiviteten på Njøs i 2007, vart det mobilisert i regionen for å støtta oppbygging av eit nytt selskap på Njøs, i tillegg til Graminor og Norsk landbruksrådgiving sin aktivitet, som vart vidareført. Bjørke eiendom AS, som er eigar av Bjørke forsøksgård der Graminor har sitt hovudsete, kjøpte eigedomen på Njøs av Staten v/Landbruksdepartementet same året. I tida etter 2007 har Njøsmiljøet gjennom Graminor-aktivitetar lansert mange nye sortar i frukt og bær, der den mest suksessrike er pæresorten Celina, som er seld til 11 land utanom Noreg. Njøs næringsutvikling AS har hatt Arenaprojekt innan frukt og bær, som det fyrste i landet innan frukt og bær. Det har vore arbeidd aktivt innan økologisk produksjon, innan kompost og utvikling av nye frukt- og bærslag, m.m. På tross av små ressursar, har miljøet levert gode resultat og vakse seg mykje sterkare dei siste 10 åra. Sogn regionråd gav omstillingsstøtte i fem år til det nye selskapet, og 7 fruktpakkeri og bærsmottak i fylket gjekk inn med aksjekapital i tillegg til Lerum, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Gartnerhallen og Graminor. Sidan oppstarten med 3 tilsette i halve stillingar har Njøs næringsutvikling vakse til ei bedrift med 8 tilsette som utfører 6,5 årsverk. Det er gjennomført mange prosjekt for bedrifter og det offentlege i regionen, og Sogn og Fjordane har sidan 2009 vore det fylket i landet som har hatt størst fyrstehandsverdi innan frukt og bær.



## Nødvendige strukturar for å utvikla næringa

Forsøkgarden på Njøs har vore ein viktig aktør i utvikling av norsk frukt og bær sidan oppstarten i 1920. Det har vore mange omorganiseringar gjennom snart 100 år, og ein står no framfor ei ny omstilling som vil krevja store investeringar. Omstillinga vil gje stasjonen eit stort løft som både vil koma regionen til nytte, og vera viktig for norsk frukt- og bærproduksjon. Det inneber ei stor **satsing på frukt og bær** basert på norske sortar og plantemateriale, samstundes som det er ei satsing på **Vestland sin nasjonale posisjon** innan utvikling og innovasjon i frukt og bær. Den organisatoriske endringa føreset at det vert bygd opp eit tidsmessig anlegg, og styrking av det faglege fundamentet gjennom rekruttering, kompetanseoppbygging og teknologi.

Sogn og Fjordane har p.t. mange mottakspunkt og anlegg for lagring og pakking av frukt og bær, og det er prosessar i gang for å samordna og effektivisera varestraumen slik at området blir meir konkurransedyktig. Utbygginga på Njøs er eit viktig element i dette, då det er eit høgt spesialisert og akademisk/praktisk miljø som skal levera tenester til aktørar i verdikjeda frå planteproduksjon til frukt og bær er komne i butikk - både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

## Forventa effektar

Fagmiljøet på Njøs stod bak oppstarten av satsinga på konsumbringeber frå tusenårsskiftet, som i 2018 utgjorde ein fyrstehandsverdi på 30 mill. kr. i Sogn og Fjordane. Nasjonalt er den årlege verdien av denne konsumproduksjonen mellom 70 og 100 mill. kr.

Sidan 2012 er det planta om lag 15.000 tre av pæresorten Celina i Sogn og Fjordane, og ein knyter store voner til at denne sorten kan gje fylket ein sentral posisjon i utviklinga av norsk pæredyrking. Internasjonalt er det selt 1 mill. tre, med eit produksjonspotensiale på 20.000 tonn under merkenamnet QTee®.

Ein forventar at flytting av jordbærforedlinga til Njøs vil medføra auka fokus på denne kulturen i fylket, og at vidareføring av dei prosjekta som er i gang vil bidra til berekraftige produksjons-system både her i fylket og elles i landet. Eit betre anlegg og eit større fagmiljø vil også bidra til større fokus på innovasjon innan nye produkt og prosessar, som vil gje fylket fleire arbeidsplassar og ein sunn profil. Njøs-miljøet har også gode føresetnader for å bli eit nav for styring av utviklingsprosessar i frukt og bær i Vestland.

Det er sett klare krav frå sentralt hald at regionen må stilla opp om ein skal gjennomføra samling av frukt- og bærforedlinga til Njøs. Utan at det blir sterk medverknad til fysisk utbygging av egedomen, vil det ikkje vera grunnlag for ei slik samling. Det er ei **unik mogelegheit** til å styrkja ei viktig brikke for utvikling av frukt- og bærproduksjonen i Sogn og Fjordane og i Vestland.

Helsing



Stein Harald Hjeltnes

(Dagleg leiar i Njøs næringsutvikling AS  
og fruktforedlar i Graminor)



Idun Christie

(Styreleiar i Njøs næringsutvikling AS  
og spesialrådgjevar i Graminor AS)

Vedlegg

- PROSPEKT – Norsk frukt- og bærcenter